

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA-K46	19/326

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2019	Formannskapet	PS	29.08.2019

### Søknad om utvida løyve for vald 57 Brekkena-Lindebotn

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden om å få auka hjorteløyve for vald 57 Brekkena-Lindebotn vert ikkje godkjent.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Vald 57 Brekkena-Lindebotn søker om utvida løyve for hjort datert 05.05.2019.

##### Fakta

**Vald 57 Brekkena-Lindebotn** har søkt om utvida løyve for hjort etter søknadsfristen 01.05. Kommunen avslo difor søknaden då den heller ikkje var begrunna med opplysningar som tilsa at ein kan utvida løyvet i dette valdet. 03.06 kjem klage på svar frå Johanna og Håkon Herstad for vald 57, der ein meiner kommunen forskjelsbehandlar valda i området, og at arealet er feil. Her syner ein til fellesareal som ein meiner skal vera medrekna. Kommunen svarar slik :

### Søknad om utvida løyve for vald 57 Brekkena-Lindebotn

Viser til Dykkar brev datert 21.08.2019. He er fleire punkt som må forklarast. Dykk skriv:

- *Her er stor forskjelsbehandling og ein har ikkje sjekka fakta.*  
Det første me gjer er å sjekke fakta. Valdet er på 1230 dekar, sjå vedlegg. Som forklart og vist med kart i brev datert 15.05.2019. Kommunen driv ikkje med forskjelbehandling av valda. Ulike areal pr.løyve er basert på innvilga søknader der **TU** (Teknisk Utval) har godkjent endringar i tildeling. Me sender difor med eit nytt kart der ein **teiknar inn valdgrensene** som ein meiner er rett. Når dette er på fellesarealet til dei 6 bruka på Birkeland, (gbnr:11/1-6), må alle jaktrettshavarar/grunneigarar få orientering om dette. Fellesarealet må valdleiarane, Alf Birkeland, Kåre Trodal og Dykk semjast om. Når kommune har fått kartet kan me måla arealet. Om det td.er 460 dekar ekstra som Dykk skriv vil det ikkje utløysa 1 løyve til. 1230+460daa= 1690daa. Skal ei ha 3 løyver

må ein ha 1800 daa.

- Det er TU som politisk vedtek hjorteløyvene i kommunen etter tilråding frå rådmann/administrasjon. Småvald (under 5 løyver) skal det svært gode grunnar til at ein gjev ekstra løyver.
- Klagen på svar/avslag vert lagt fram for formanskapet (29.08.2019), som er klageinstans på vedtak i TU. Men kom gjerne med kart slik ein meiner valdgrensene er før dette.

Om ein søker om endring/godkjenning av vald der delar av fellesarealet er med, får dette konsekvens for det delte valdet på Bikeland også. Difor må dei og søkja om endring av vald etter det same regelverket som er hjorteviltforskrifta §10. Grunnen er bl.anna at ein ikkje kan ha overlappende areal på ulike vald.

#### *§ 10.Søknad om godkjenning av vald*

*Søknad om godkjenning av vald for jakt på elg, hjort eller rådyr sendes kommunen innen 1. mai.*

*Søknaden skal inneholde:*

- a) opplysning om hvilken art søknaden gjelder for,*
- b) kart som tydelig viser grensene for valdet,*
- c) oversikt over de eiendommene (gårds- og bruksnummer) valdet omfatter, og den enkelte eiendoms størrelse innenfor valdets grenser,*
- d) oversikt over tellende areal som søkes godkjent,*
- e) underskrift fra den eller de som lovlig representerer hver enkelt eiendom, og*
- f) valdansvarlig representants navn, postadresse, telefonnummer, e-postadresse og underskrift.*

Tilråding. Skal ein ha fleire løyver bør ein slå seg saman med nabovald, eller melda seg inn i BPO (Bestandsplanområdet for Gulen-Masfjorden).

## Vurdering:

Valdet har dei siste 10 år skote 13 dyr av 20 tildelte, sjå tab under. Kommunen har orientert om at slike småvald som her med berre 2 løyver er det vanskeleg å driva ei god forvaltning på. Avskytingsplan gjev lita meining også. Bruket har ikkje hatt drift der ein søker produksjonstilskot i heile denne perioden. Fleire løyver eller skadedyr når ein heller ikkje dokumenterer noko, finn me lite aktuelt. Hjort på innmark er normalt og litt tolt skade er ikkje uvanleg og det må mange pårekna.

Kommunen v/Roald Kvingedal-teknisk sjef og Ottar Myrtveit-fagkonsulent landbruk, hadde eit møte 31.07.2019 med Willy Borge som har jakta i valdet, der ein gjekk gjennom saka. Det valdet og han ser på som urett er fellesarealet med Birkeland. Dette har kommunen påpeikt gjennom mange år, men her kjem ikkje noko kart eller forklaring som stadfestar at valdgrensene lovleg kan endrast. Administrasjonen må følgja gjeldande lovverk/forskrifter, og treng ein søknad som kan godkjennast i tråd med forklaring og krava skissert ovanfor.

Administrasjonen føreslo i møtet at valdet kan freista samanslåing med td. Kvamsdal då det ikkje har lukkast å få til eit samarbeid med Birkeland som det er mest naturleg å slå seg i saman med. Ei samanslåing her vil kommunen sjå positivt på, og vil truleg innstilla til ein auke på 25% om søknaden vert godkjent. Tildelingane for 2019 vert difor uendra.

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hunnkalv	Felt hanndyr ½ år	Felt hunndyr ½ år	Felt hanndyr eldre	Felt hunndyr eldre	Felt totalt	Fellingsprosent
2009	2	0	1	0	1	0	0	2	100
2010	2	0	1	0	0	0	1	2	100
2011	2	0	0	0	0	0	0	0	0
2012	2	0	0	0	0	0	0	0	0
2013	2	0	0	0	1	0	0	1	50
2014	2	1	0	0	0	1	0	2	100
2015	2	0	0	0	0	0	0	0	0
2016	2	0	1	0	1	0	0	2	100
2017	2	1	0	0	1	0	0	2	100
2018	2	0	1	0	0	0	1	2	100

## Konklusjon:

Søknaden om å få auka hjorteløyve for vald 57 Brekkena-Lindebotn i 2019 vert ikkje godkjent.

## **Formannskapet - 054/2019**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt tilbake til Teknisk Utval for vidare handsaming.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

Saka vert sendt tilbake til Teknisk Utval for vidare handsaming.